V Å G Å F J E L L S T Y R E M Ø T E B O K

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
433.1	Knut Øyjordet	24.05.18	18/18

SØKNAD OM OPPFØRING AV FUGLEOBERVASJONSTÅRN I RANDSVERK – NOF OTTADALEN

Saksdokument:
Søknad frå ”Interimstyret NOF Ottadalen” av 25.04.18.

Saksutgreiing:
Ei gruppe medlemmer av Norsk Ornitologisk foreining frå Vågå og Lom har nyleg danna eit interimstyre for bl.a. å stifte eit lokallag i Ottadalen. Som eit ledd i denne oppstarten, søkjer styret om å få sett opp eit fugleobservasjonstårn ved Storvangen i Randsverk, dvs. i eit lite skogholt ved Rinda ca. 100 meter sør-aust for Forsthytta. Det blir samtidig søkt om økonomisk støtte til prosjektet. Det er også planar om å byggje eit liknande tårn ved Tesseosen (på Lomssida). Det står også i søknaden at tårnet i Randsverk kan knytast opp til bruken av Forsthytta, og kan inngå i ei ”ornitologisk løype” i Ottadalen.

Vedlagt søknaden er det m.a. lagt ved eit bilde av liknande tårn ved Fokstumyra på Dovre. Dette og kart over området vil bli lagt fram i møtet. Det må fyrst innhentast løyve frå grunneigaren. Dersom Statskog gjev løyve til eit tårn, må det også gjevast løyve frå kommunen.

Vurdering:
Dette er eit positivt tiltak for å vise fram det rike fuglelivet i dette våtmarksområdet. Sidan det er den ornitologiske foreininga sjølv som vil byggje eit tårn, så må ein gå ut ifrå at plasseringa er nøye vurdert i forhold til faren for uroing av fuglane i hekketida. Det er søkt om støtte frå fleire. Fjellstyret bør også gje tilskot til prosjektet, men det kan kanskje vera greitt å vente med å bestemme eksakt beløp til ein veit meir om dei totale kostnadene og eventuelle tilskot frå andre.

Innstilling til vedtak:
Fjellstyret har ingen merknader til at NOF Ottadalen får sett opp eit fugleobservasjonstårn ved Storvangen i Randsverk slik det vert søkt om. Fjellstyret er innstilt på å gje eit tilskot til prosjektet, men vil avvente med å fastsette eksakt beløp til ein veit meir om totalkostnaden og tilskot frå andre.

Vedtak: Samrøystes: Som innstillinga.

Rett utskrift. Går til:
Statskog
Interimstyret for NOF Ottadalen v/Atle Kjærvik

Vågåmo, 24.05.18

Knut Øyjordet (e.f)

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no